



Møteprotokoll for Alver kommunestyre

Møtedato: 23.11.2023

Møtestad: Helsehusest, møterom Nordhordland

Møtetid: 09:00 - 20:00

Kl.09:00 - 10:00 opplæring

Kl.10:00 Spørjetime/møtestart

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Ingrid Fjeldsbø	H	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Kenneth Taule Murberg	UAVH	Medlem
Ida Rambech	H	Medlem
Helge Henanger	H	Medlem
Øyvind Bratshaug	UAVH	Medlem
Henning Fyllingsnes	H	Medlem
Nina Bognøy	AP	Varaordfører
Pål Inge Fosse Hopland	AP	Medlem
Kjell Idar Vangberg	AP	Medlem
Ståle Juvik Hauge	AP	Medlem
Astrid Namtvedt Sylta	AP	Medlem
Tone Marit Dyrkolbotn	AP	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Medlem
Stian Lavik	KRF	Medlem
Asle Hettlebakke	KRF	Medlem
Joakim Byrknes	KRF	Medlem
Svenning Bjørke	KRF	Medlem
Mary-Ann Mostrau	FRP	Medlem
Yngve Walaker	FRP	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Tore Helland	FRP	Medlem
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Ordfører
Olav Steinar Namtvedt	SP	Medlem
Liv Hopland Van der Kooij	SP	Medlem
Torgeir Andvik	SP	Medlem
Vigdis Villanger	SP	Medlem
Irene Stendal Østerbø	INP	Medlem
Matias Hatland Våge	INP	Medlem
Geir Nilssen	INP	Medlem
Lasse Turøy	SV	Medlem
Kari Solveig Sæthre	SV	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Marius Hellan Hindenes	V	Medlem
Bjørnar Smørdal Grindheim	R	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Silje Nordal	H	Medlem
Olav Myhr	KRF	Medlem
Esben André Helland	FRP	Medlem
Marie Mostraum	FRP	Medlem
Jon Askeland	SP	Medlem
Wilfred Berthelsen	INP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Anne Grete Eide	AP	
Elin Irene Klausen		Olav Myhr
Sean Røskeland	H	Silje Nordal
Tommy Tjensvold Øvretveit	FRP	Marie Mostraum
Bjørn Dyrkolbotn		Esben André Helland
Leif Gunnar Taule	SP	Jon Askeland
Roger Kleiven		Wilfred Berthelsen

Følgjande frå administrasjonen møte:

Anny Bastesen-kommunalsjef, Hogne Haugsdal-konst.ass.kommunedirektør, Jarle Landås-kommuneadvokat, Kristin Moe-kommunalsjef, Lisbeth Toppe Alvær-kommunalsjef, Martin W. Kulild-konst.kommunedirektør, Per Inge Olsen-konst.kommunalsjef, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
187/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
188/23	Godkjenning av møteprotokoll
189/23	Melding frå kontrollutvalet
190/23	Forvaltningsrevisjon barnevern
191/23	Temaplan vatn og avløp 2023-2033
192/23	Innkjøp av redningsbåt - Nordhordland brann og redning (NHBR)
193/23	Økonomisk rapport per 2. tertial 2023
194/23	Lokal retningsline for tilskot til private barnehagar
195/23	Plansak Barnehage- og skulebruksplan for Alver kommune – framlegg til endeleg vedtak planprogram
196/23	Forlenging av bandleggingszone E39 Flatøy-Eikefettunnelen
197/23	Interkommunal plan for sjøareala i Region Nordhordland - vedtak av arealplan
198/23	Vedtak av planprogram for kommunedelplan for naturmangfald
199/23	Sal av Dale Grendahus gbnr 472/6
200/23	Veglysnorm for Alver kommune
201/23	Miljøløftet – prosjekt til handlingsprogrammet 2025 - 2028
202/23	Samarbeidsavtale mellom Alver kyrkjelege fellesråd og Alver kommune

- 203/23 Søknad om fritak frå politiske verv
- 204/23 Melding/orientering til kommunestyret 23.11.2023
- 205/23 Spørsmål/interpellasjonar til kommunestyret 23.11.2023
- 206/23 Val av representant med vara til generalforsamlinga for Opplæringskontoret

187/23: Godkjenning av innkalling og saksliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Alver kommunestyre 23.11.2023:

Handsaming:

Sak barnevern vert utsett og KPMG vert invitert til å orientere om saka, Ønsker innstilling fra utval/fo i starten av saken ikke kommunedir. som no.

KO- 187/23 Vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent med endring:

Sak 190/23 Forvaltningsrevisjon vert utsatt

188/23: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Alver kommunestyre 23.11.2023:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

KO- 188/23 Vedtak:

Møteprotokollen er godkjent.

189/23: Melding frå kontrollutvalet

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

Alver kommunestyre 23.11.2023:

Handsaming:

Kontrollutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 189/23 Vedtak:

Meldinga er teke til orientering.

190/23: Forvaltningsrevisjon barnevern

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek rapporten «Barnevern - forvaltningsrevisjon Alver kommune» datert 10. oktober 2023 til orientering.

2. Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapporten og ber kommunedirektøren om å følgja opp desse:

a. Ha fortsatt kontinuerlig fokus på kva som er årsakene til sjukefråværet og korleis det

kan reduserast.

b. Barnevernet bør arbeide vidare og systematisk med i kva grad informasjonen foreldre får er tilstrekkeleg, lett å forstå og om den kjem til rett tid.

c. Innhente tilbakemeldingar fra brukarar på ein meir systematisk måte, t.d. gjennom ein brukarundersøking. Barnevernstenesta bør spesielt vurdere korleis dei kan auke innsatsen for å innhente tilbakemeldingar frå foreldre.

d. Arbeide endå meir strategisk med kompetanseutvikling og rekruttering, mellom anna karteleggje avvik mellom dagens kompetanse og kompetansebehov framover, noko som ør reflekterast i planar for kompetanseutvikling, rekruttering og den tilsette sine utviklingsmål.

e. Tydeleggjere kven som er koordinerande instans for det førebyggjande arbeidet.

f. Tydeleggjera forholdet mellom politikarar og tenestepersonell i barnevernet, slik at barnevernet får ivaretatt sine pliktar etter lova og faglege uavhengigheit.

g. Ta opp hets av tilsette i barnevernstenesta som ei eiga sak i kommunestyret, og også diskutere tiltak som kan motverke dette.

3. Kommunestyret vil, etter revisor og kontrollutvalet si tilråding, setja kommunestyret si rolle ovanfor barnevernet på saklista i seinare møte.

4. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å leggja fram ein skriftleg framdriftsplan for korleis og når tilrådingane skal følgast opp for kontrollutvalet med kopi til kommunestyret til første kontrollutvalsmøte i 2024.

5. Kommunestyret ber om at kontrollutvalet får ei skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan utgangen av fjerde kvartal 2024.

Alver kommunestyre 23.11.2023:

Handsaming:

Saka vert utsett til neste møte.

KO- 190/23 Vedtak:

Saka er utsatt.

191/23: Temaplan vatn og avløp 2023-2033

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar *Temaplan for vatn og avløp 2023-2033* slik den ligg føre. Investeringane for 2024-2027 blir lagt inn i økonomiplanen

Utval for næring, kultur og idrett 07.11.2023:

Handsaming:

Framlegg om at møtet vert lukka i denne saka jf. off.lova § 21.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå G.Nilssen-INP:

Utval for næring, kultur og idrett tek planen til orientering med følgjande innspel:

1. Prognoser for auke i gebyr for vatn og avløp er svært høge og vil verta ei stor økonomisk belastning for innbyggjarane i Alver kommune dersom dei vert slik planen legg opp til.
2. Prognosane for auka gebyr for vatn og avløp vil verka negativt inn på tilflytting til Alver

kommune dersom dei vert slik planen legg opp til.

3. Om tiltaka i planen - prioriteringar;

Utval for næring, kultur og idrett rår kommunestyret til;

(1) å prioritera lovpålagde tiltak i perioden 2023 til 2027

(2) å vera kritisk i avveginga mellom forsyningstryggleik og gebyrauke.

4. Fortløpande vurdera nye teknologiske løysningar som kan gje besparingar i prosjekta.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

ND- 038/23 uttale:

Utval for næring, kultur og idrett tek planen til orientering med følgjande innspel:

1. Prognoser for auke i gebyr for vatn og avløp er svært høge og vil verta ei stor økonomisk belastning for innbyggjarane i Alver kommune dersom dei vert slik planen legg opp til.

2. Prognosane for auka gebyr for vatn og avløp vil verka negativt inn på tilflytting til Alver kommune dersom dei vert slik planen legg opp til.

3. Om tiltaka i planen - prioriteringar;

Utval for næring, kultur og idrett rår kommunestyret til;

(1) å prioritera lovpålagde tiltak i perioden 2023 til 2027

(2) å vera kritisk i avveginga mellom forsyningstryggleik og gebyrauke.

4. Fortløpande vurdera nye teknologiske løysningar som kan gje besparingar i prosjekta.

Alver formannskap 09.11.2023:

Handsaming:

Framlegg om at møtet vert lukka jf.kommunelova § 11-5 og offl.§21.

Framlegget vart samrøystes vedteke og møtet vart lukka.

Framlegg frå H, KRF og FRP ved I.Fjeldsbø-H:

1 Planen blir utsett inntil den kan handsamast offentleg. Dette då planen har stor allmenn interesse.

2 Fram til saka kjem opp, må ein arbeide med nye alternative løysingar for kloakkrensing.

3 Formannskapet vil ha ei orientering om teknologien som blir nytta i Sunnfjord kommune.

4 Formannskapet ber om å bli informert om luktspredningsanalysen for KNARA-planen så snart den ligg føre.

Framlegget pkt. 1 og 2 fekk 5 røyster H, KRF og FRP og fall

Framlegget pkt 3 framlgget fekk 5 røyster og fall

Framlegget pkt 4 vart samrøystes vedteke

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 6 røyster AP, SP, SV og INP, mot 5 røyster

FO- 088/23 innstilling:

Kommunestyret vedtar *Temaplan for vatn og avløp 2023-2033* slik den ligg føre.

Investeringane for 2024-2027 blir lagt inn i økonomiplanen.

Formannskapet ber om å bli informert om luktspredningsanalysen for KNARA-planen så snart den ligg føre.

Alver kommunestyre 23.11.2023:

Handsaming:

Ståle Hauge spm.om habilitet som deltaker i sakshandsaminga, komunestyret gjord samrøystes vedtak om at han er ugild i denne saka.

Ståle Hauge deltok ikke under denne saka, Anne Grete Eide møtte som vara.

Orientering ved kommuneadvokat Jarle Landaas om grunngjeving av sak uoff.

Framlegg om at saka vert lukka

Framlegg frå KRF, FRP, H og V ved A.Byrknes-Krf:

1. Planen blir utsett inntil den kan handsamast offentleg. Dette då planen har stor allmenn interesse.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

2. Fram til saka kjem opp, må ein arbeide med nye alternative teknologiske løysingar for kloakkreinsing. (ref. Sunnfjord kommune)

Framlegget fekk 20 røyster og fall, mot 21

3. Kommunestyret vil ha ei orientering om teknologien som blir nytta i Sunnfjord kommune.

Framlegget fekk 20 røyster og fall, mot 21

4. I påvente av VA planen (p.1) og med mål om å etablere reinseanlegg til ein lågast mogleg kostnad for alle innbyggjar i Alver kommune, og til minst mogleg sjenanse for innbyggjarane og brukarar av det sentrale Knarvik, skal det gjerast ei vurdering om moglegheit for å plassere eit moderne reinseanlegg i Galteråsen Næringspark, til ein lågare kostnad og same tidsramme som opprinneleg plan ved øvre Kvassneset. Vurderinga skal gjerast så fort som mogleg, og leggjast fram for formannskap og kommunestyret så fort vurderinga er klar.

Framlegget vart vedteke med 21 røyster, mot 20 røyster

KO- 191/23 Vedtak:

Planen blir utsett inntil den kan handsamast offentleg. Dette då planen har stor allmenn interesse.

I påvente av VA planen (p.1) og med mål om å etablere reinseanlegg til ein lågast mogleg kostnad for alle innbyggjar i Alver kommune, og til minst mogleg sjenanse for innbyggjarane og brukarar av det sentrale Knarvik, skal det gjerast ei vurdering om moglegheit for å plassere eit moderne reinseanlegg i Galteråsen Næringspark, til ein lågare kostnad og same tidsramme som opprinneleg plan ved øvre Kvassneset. Vurderinga skal gjerast så fort som mogleg, og leggjast fram for formannskap og kommunestyret så fort vurderinga er klar.

192/23: Innkjøp av redningsbåt - Nordhordland brann og redning (NHBR)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Det blir sett av ei økonomisk ramme på kr 2 mill til innkjøp av ny redningsbåt i Nordhordland brann og redning i 2023.
- Kjøpet blir finansiert med mva-refusjon, forsikringsoppgjer og låneopptak, og vert tatt inn i 2. tertialrapport.

Alver formannskap 09.11.2023:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 092/23 innstilling:

- Det blir sett av ei økonomisk ramme på kr 2 mill til innkjøp av ny redningsbåt i Nordhordland brann og redning i 2023.
- Kjøpet blir finansiert med mva-refusjon, forsikringsoppgjer og låneopptak, og vert tatt inn i 2. tertialrapport.

Alver kommunestyre 23.11.2023:

Handsaming:

Stål Hauge stilte spm om habilitet, har delteke i sakshandsaminga. Kommunesyret samr.vdtak om ugild. Ann Grete møtte som vara.

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 192/23 Vedtak:

- Det blir sett av ei økonomisk ramme på kr 2 mill til innkjøp av ny redningsbåt i Nordhordland brann og redning i 2023.
- Kjøpet blir finansiert med mva-refusjon, forsikringsoppgjer og låneopptak, og vert tatt inn i 2. tertialrapport.

193/23: Økonomisk rapport per 2. tertial 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek økonomirapport pr. 2. tertial 2023 til orientering.
2. Driftstilskot til kyrkjeleg fellesråd for 2023 vert auka med 280 000 krl.
3. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til drift, sentrale poster og disposisjonsfond for 2023 slik det går fram av "status drift for kommune (1A)" og "status drift for tenesteområdene (1B)". Kommunestyret vedtek bevillgnings skjema og endringar slik det framgår av skjema § 5-4, § 5-6 og § 5-5 i 2. tertialrapport.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere inntekter og utgifter knytt til busetting av flyktningar løpande gjennom 2023. Ein føresetnad for å justere driftspostar knytt til busetting av flyktningar frå Ukraina er at det er ført på eige objekt, og at utgifter og inntekter er i balanse.
5. Det vert føretatt budsjettjusteringar knytt til investering for 2023 slik det går fram av "status Investering og finansiering (2A)" og "Status Investeringar (2B)". I sum vert investeringsutgiftene redusert med 74,2 mill. kr frå 477,7 mill. kr til 403,5 mill. kr
Endring i finansiering:
 1. Bruk av lånemidlar og andre finansieringsinntekter vert redusert med 70,2 mill. kr.
 2. Kompensasjon for meirverdiavgift vert auka med 2,8 mill. kr.
 3. Bruk av disposisjons-fond/overføring frå drift vert redusert med 4,0 mill. kr.
6. Finansrapport vert tatt til orientering.

Alver formannskap 09.11.2023:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 095/23 innstilling:

1. Kommunestyret tek økonomirapport pr. 2. tertial 2023 til orientering.
2. Driftstilskot til kyrkjeleg fellesråd for 2023 vert auka med 280 000 krl.
3. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til drift, sentrale poster og disposisjonsfond for 2023 slik det går fram av "status drift for kommune (1A)" og "status drift for tenesteområdene (1B)". Kommunestyret vedtek bevillgnings skjema og endringar slik det framgår av skjema § 5-4, § 5-6 og § 5-5 i 2. tertialrapport.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere inntekter og utgifter knytt til busetting av flyktningar løpande gjennom 2023. Ein føresetnad for å justere driftspostar knytt til busetting av flyktningar frå Ukraina er at det er ført på eige objekt, og at utgifter og inntekter er i balanse.
5. Det vert føretatt budsjettjusteringar knytt til investering for 2023 slik det går fram av "status Investering og finansiering (2A)" og "Status Investeringar (2B)". I sum vert investeringsutgiftene redusert med 74,2 mill. kr frå 477,7 mill. kr til 403,5 mill. kr
Endring i finansiering:

1. Bruk av lånemidlar og andre finansieringsinntekter vert redusert med 70,2 mill. kr.
2. Kompensasjon for meirverdiavgift vert auka med 2,8 mill. kr.
3. Bruk av disposisjons-fond/overføring frå drift vert redusert med 4,0 mill. kr.
6. Finansrapport vert tatt til orientering.

Alver kommunestyre 23.11.2023:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedekte.

KO- 193/23 Vedtak:

1. Kommunestyret tek økonomirapport pr. 2. tertial 2023 til orientering.
2. Driftstilskot til kyrkjeleg fellesråd for 2023 vert auka med 280 000 krl.
3. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til drift, sentrale poster og disposisjonsfond for 2023 slik det går fram av "status drift for kommune (1A)" og "status drift for tenesteområdene (1B)". Kommunestyret vedtek bevilgningskjema og endringar slik det framgår av skjema § 5-4, § 5-6 og § 5-5 i 2. tertialrapport.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere inntekter og utgifter knytt til busetting av flyktingar løpande gjennom 2023. Ein føresetnad for å justere driftspostar knytt til busetting av flyktingar frå Ukraina er at det er ført på eige objekt, og at utgifter og inntekter er i balanse.
5. Det vert føretatt budsjettjusteringar knytt til investering for 2023 slik det går fram av "status Investering og finansiering (2A)" og "Status Investeringar (2B)".
I sum vert investeringsutgiftene redusert med 74,2 mill. kr frå 477,7 mill. kr til 403,5 mill. kr
Endring i finansiering:
 1. Bruk av lånemidlar og andre finansieringsinntekter vert redusert med 70,2 mill. kr.
 2. Kompensasjon for meirverdiavgift vert auka med 2,8 mill. kr.
 3. Bruk av disposisjons-fond/overføring frå drift vert redusert med 4,0 mill. kr.
6. Finansrapport vert tatt til orientering.

194/23: Lokal retningsline for tilskot til private barnehagar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til retningsline for tilskot til private barnehagar i Alver kommune vert vedtatt i samsvar med kommunedirektøren si filråding.

Utval for Levekår 07.11.2023:

Handsaming:

Orientering til saka v/Leif Bjørnar Hopland- fagansvarleg Oppvekst
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE- 002/23 uttale:

Ingen merknader.

Alver formannskap 09.11.2023:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedtek.

FO- 089/23 innstilling:

Framlegg til retningsline for tilskot til private barnehagar i Alver kommune vert vedtatt i samsvar med kommunedirektøren si filråding.

Alver kommunestyre 23.11.2023:**Handsaming:**

Det var stilt spørsmål frå Astrid N.Sylta om habilitet i denne saka, då ho har delteke i sakshandsaminga. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om inhabil. Anne Grete Eide møtte som vara.

Innstillinga frå formannskapet vrt samrøystes vedteke.

KO- 194/23 Vedtak:

Framlegg til retningsline for tilskot til private barnehagar i Alver kommune vert vedtatt i samsvar med kommunedirektøren si tilråding.

195/23: Plansak Barnehage- og skulebruksplan for Alver kommune – framlegg til endeleg vedtak planprogram**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek planprogram for arbeidet med kommunedelplan «Barnehage- og skulebruksplan i Alver kommune.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova kapittel 11 (§11-13).

Utval for Levekår 07.11.2023:**Handsaming:**

Vigdis Villanger-Sp bad utvalet om vurdering av sin habilitet til planen, jmf. forv.l.§ 6, 2 ledd. Utvalet vurderte ho samrøystes som habil og ho deltok difor i handsaming av denne saka. Orientering til saka v/Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst og Jostein Danielsen frå firma Norconsult AS.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE- 003/23 innstilling:

Kommunestyret vedtek planprogram for arbeidet med kommunedelplan «Barnehage- og skulebruksplan i Alver kommune.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova kapittel 11 (§11-13).

Alver kommunestyre 23.11.2023:**Handsaming:**

Innstillinga frå utval for levekår vart samrøystes vedteke.

KO- 195/23 Vedtak:

Kommunestyret vedtek planprogram for arbeidet med kommunedelplan «Barnehage- og skulebruksplan i Alver kommune.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova kapittel 11 (§11-13).

196/23: Forlenging av bandleggingssone E39 Flatøy-Eikefettunnelen**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyre gjev sin tilslutning til vedtak av forlenging av bandleggingssona (H710) jf pbl. § 11-8 D i fire år.

Utval for areal, plan og miljø 08.11.2023:**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 136/23 innstilling:

Kommunestyre gjev sin tilslutning til vedtak av forlenging av bandleggingssona (H710) jf pbl. § 11-8 D i fire år.

Alver kommunestyre 23.11.2023:**Handsaming:****Framlegg frå S.Hauge:AP:**

Kommunestyret utset sak 196/23 - 23/77805 - Forlenging av bandleggingszone E39 Flatøy-Eikefettunnelen

Saka sendes tilbake til administrasjon. Det må etablerast kontakt med Statens Vegvesen med mål om å redusere bandleggingssona i forhold til trasse foreslått i Kommunedelplan med konsekvensutgreiing E39 Flatøy-Eikefettunnelen PlanID: 1263-201611 oversendt frå Statens Vegvesen til Alver kommune.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 196/23 Vedtak:

Kommunestyret utset sak 196/23 - 23/77805 - Forlenging av bandleggingszone E39 Flatøy-Eikefettunnelen

Saka sendes tilbake til administrasjon. Det må etablerast kontakt med Statens Vegvesen med mål om å redusere bandleggingssona i forhold til trasse foreslått i Kommunedelplan med konsekvensutgreiing E39 Flatøy-Eikefettunnelen PlanID: 1263-201611 oversendt frå Statens Vegvesen til Alver kommune.

**197/23: Interkommunal plan for sjøareala i Region Nordhordland - vedtak av arealplan
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyre godkjenner Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, planid 2021003.

Plandokument som planskildring, plankart, føresegner, konsekvensutgreiing og kunnskapsgrunnlag er lagt ved i saka

Vedtaket er heimla i plan- og bygningsloven §§ 9-3 og 11-15.

Utval for areal, plan og miljø 08.11.2023:**Handsaming:**

Orientering til saka v/Bent Gunnar Ness-regionrådet Nordhordland

Framlegg frå Leif Jonsen-Mdg:

Saka blir utsett til etter at Plan for naturmangfald er ferdig.

Framlegget fekk 1 røyst og fall (Leif Johnsen-Mdg)

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 10 røyster (Yngve Walaker-Frp, Nina Stabell Øvreås-Frp, Tore Helland-Frp, Olav Myhr-Krf, Henning Fyllingsnes-H, Torgeir Andvik-Sp-Wilfred Wessel Berthelsen-Inp, Liv Hopland Van der Kooij-Sp, Olav Steinar Namtvedt-Sp, Ståle Hauge-Ap) mot 1 røyst (Leif Johnsen-Mdg)

APM- 137/23 innstilling:

Alver kommunestyre godkjenner Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, planid 2021003.

Plandokument som planskildring, plankart, føresegner, konsekvensutgreiing og kunnskapsgrunnlag er lagt ved i saka

Vedtaket er heimla i plan- og bygningsloven §§ 9-3 og 11-15.

Alver kommunestyre 23.11.2023:**Handsaming:**

Det var stilt spørsmål om habilitet frå Mary-Ann Mostrøm som leiar i selskap som har kome med innspel i saka. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at ho er habil i denne saka.

Framlegg frå L.Johnsen-MDG:

Interkommunal plan for sjøareal vert utsett til etter at Plan for naturmangfald er ferdig.

Grunngjeving:

Å skaffe seg oversikt over naturmangfaldet er eit naudsynt kunnskapsgrunnlag for alt arealplanarbeid i kommunen, ikkje minst for sjøarealet.

Det blir sagt i grunnlagsdokumenta for planen at det er store hol i kunnskapen på områda.

Arbeidet med å registrere naturmangfaldet vil sjølvsagt bøte på dette.

Vår region ligg i Produksjonsområde 4 for oppdrett, i raud kategori, område som er verst ramma av lakselus. Utsetting av planen vil gi betre kunnskapsgrunnlag, noko som er ein fordel for alle partar.

Sjøarealplanen byggjer på gamle og umoderne planar frå kommunane, som ikkje tilfredstillar oppdaterte plankrav frå staten.

Tap av biologisk mangfald er vel dokumentert, og Alver kjem svært dårleg ut i vurderingar naturorganisasjonen Sabima gjer årleg om korleis kommunane ivaretar det biologiske mangfaldet. Alver har falle frå 251 plass i 2021 til 291. plass av 356 i 2023.

Framlegget for utsetting fekk 9 røyster og fall.

(A. Byrknes-KRF, E.Klausen-KRF, L.Taule-SP, M.Våge-INP, K.Sæthre-SV, L.Turøy-SV, Ø.Bratshaug-uavh., B.Grindheim-R og L.Johnsen-MDG)

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart vedteke med 37 røyster, mot 4 røyster (L.Turøy-SV, Ø.Bratshaug-uavh., B.Grindheim-R og L.Johnsen-MDG)

KO- 197/23 Vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, planid 2021003.

Plandokument som planskildding, plankart, føresegner, konsekvensutgreiing og kunnskapsgrunnlag er lagt ved i saka

Vedtaket er heimla i plan- og bygningsloven §§ 9-3 og 11-15.

198/23: Vedtak av planprogram for kommunedelplan for naturmangfald

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek planprogram for arbeidet med kommunedelplan for naturmangfald i Alver kommune.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova kapittel 11 (§11-13).

Utval for areal, plan og miljø 08.11.2023:

Handsaming:

Orientering til saka ved Mari Emilie Pettersen Hagenlund-rådgjevar Landbruk
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 138/23 innstilling:

Kommunestyret vedtek planprogram for arbeidet med kommunedelplan for naturmangfald i Alver kommune.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova kapittel 11 (§11-13).

Alver kommunestyre 23.11.2023:

Handsaming:

Framlegg frå SV, R og MDG ved L.Johnsen-MDG:

Område der planarbeidet avdekkar manglande kunnskap, må registerast klart i planen, med framlegg om korleis dei manglande kunnskapane kan framskaffast.

Framlegget vart samrøystes vedteke

Innstillinga frå utval frå areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

KO- 198/23 Vedtak:

Kommunestyret vedtek planprogram for arbeidet med kommunedelplan for naturmangfald i Alver kommune.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova kapittel 11 (§11-13).

Område der planarbeidet avdekkar manglande kunnskap, må registerast klart i planen, med framlegg om korleis dei manglande kunnskapane kan framskaffast.

199/23: Sal av Dale Grendahus gbnr 472/6**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyre vedtar å selje Dale Grendahus gbnr 472/6 til Dale Bygdelag for 50 000 kr. Kommunen skal ha tinglyst forkjøpsrett på eiendommen.

Alver formannskap 09.11.2023:**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 090/23 innstilling:

Alver kommunestyre vedtar å selje Dale Grendahus gbnr 472/6 til Dale Bygdelag for 50 000 kr. Kommunen skal ha tinglyst forkjøpsrett på eiendommen.

Alver kommunestyre 23.11.2023:**Handsaming:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 199/23 Vedtak:

Alver kommunestyre vedtar å selje Dale Grendahus gbnr 472/6 til Dale Bygdelag for 50 000 kr. Kommunen skal ha tinglyst forkjøpsrett på eiendommen.

200/23: Veglysnorm for Alver kommune**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner «Teknisk veglysnorm for Alver kommune» slik den ligg føre.

Utval for næring, kultur og idrett 07.11.2023:**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

ND- 037/23 innstilling:

Kommunestyret godkjenner «Teknisk veglysnorm for Alver kommune» slik den ligg føre.

Alver kommunestyre 23.11.2023:**Handsaming:**

Innstillinga frå utval for næring, kultur og idrett vart samrøystes vedteke.

KO- 200/23 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner «Teknisk veglysnorm for Alver kommune» slik den ligg føre.

201/23: Miljøløftet – prosjekt til handlingsprogrammet 2025 - 2028**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommune prioriterar prosjekt og satsingar til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2025 -2028, slik det er lagt fram i saka.

Alver formannskap 09.11.2023:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 091/23 innstilling:

Alver kommune prioriterar prosjekt og satsingar til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2025 -2028, slik det er lagt fram i saka.

Alver kommunestyre 23.11.2023:

Handsaming:

Framlegg frå N.M.Aadland-H:

Tilleggsframlegg, belønningssmidlar:

Snøggbåtsambandet Knarvik-Frekhaug-Bergen (Nordhordlandsruta) må utviklast vidare med fleire avgangar på kvardagar. Tilbodet må også utvidast til helg.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Innstillinga frå formannskapet vart vedteke mot 1 røyst (B.Grindheim-R.)

KO- 201/23 Vedtak:

Alver kommune prioriterar prosjekt og satsingar til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2025 -2028, slik det er lagt fram i saka med følgjande tillegg:

Belønningssmidlar:

Snøggbåtsambandet Knarvik-Frekhaug-Bergen (Nordhordlandsruta) må utviklast vidare med fleire avgangar på kvardagar. Tilbodet må også utvidast til helg.

202/23: Samarbeidsavtale mellom Alver kyrkjelege fellesråd og Alver kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune godkjenner framlegg til samarbeidsavtale mellom Alver kyrkjelege fellesråd og Alver kommune.

Alver formannskap 09.11.2023:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 094/23 innstilling:

Alver kommune godkjenner framlegg til samarbeidsavtale mellom Alver kyrkjelege fellesråd og Alver kommune.

Alver kommunestyre 23.11.2023:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart vedteke mot 2 røyster (K.Sæthre-SV og B.Grindheim-R)

KO- 202/23 Vedtak:

Alver kommune godkjenner framlegg til samarbeidsavtale mellom Alver kyrkjelege fellesråd og Alver kommune.

203/23: Søknad om fritak frå politiske verv

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Silje Nordal innvilgast fritak frå alle politiske verv frå dags dato og til og med 15.07.24

Som nytt medlem i Utval for næring og drift veljast:

Alver kommunestyre 23.11.2023:**Handsaming:**

Innstilling frå valnenda vart lagt fram i møtet:

Silje Nordal innvilgast fritak frå alle politiske verv frå dags dato og til og med 15.07.24

Som nytt medlem i Utval for næring og drift veljast: Sean Røskeland

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 203/23 Vedtak:

Silje Nordal innvilgast fritak frå alle politiske verv frå dags dato og til og med 15.07.24

Som nytt medlem i Utval for næring og drift veljast: Sean Røskeland

204/23: Melding/orientering til kommunestyret 23.11.2023**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Meldinga vert teke til orientering.

Alver kommunestyre 23.11.2023:**Handsaming:**

Det var ettersendt to notat til denne saka:

- Tomt brann- og driftsstasjon på Manger. Spm fra P.I.F.Hopland om habilitet, har deltatt som HVO i sak tidleg fase av saka. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at han er habil i dene orienteringa.
- Luftspredingsanalyse Knarvik reinseanlegg, dette vert tatt opp i eiga sak i neste kommunestyremøte.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 204/23 Vedtak:

Meldinga er teke til orientering.

205/23: Spørsmål/interpellasjonar til kommunestyret 23.11.2023**Alver kommunestyre 23.11.2023:****Spørsmål frå Y.Walaker-FRP:**

Ønsker å få se leieavtalene som er gjort med leigetagerene i Geco bygget .

Det går rykter om at det er svært billig og at det er inkludert strøm

Er det og tilfelle at det leies ut til ett firma som fremleier det til andre ?

Svar frå kommunedirektør:

Vi har følgende leieavtaler pr. no:

- Mogen maskin. Dei har ein leigepris på 1000 kr/m². Lagerlokale. Prisen inkluderer straum. Det er 6 månaders gjensidig oppseiingsfrist. (Avtale reforhandla i 2023)
- Aktiv trafikkopplæring har ein leigepris på 1200 kr/m². Opphaldsareal. Prisen inkluderer straum. Det er 6 månaders gjensidig oppseiingsfrist. (Avtale inngått i 2023)
- NH turlag. Her pågår avtaleinngåing etter tilsvarende vilkår som dei andre i bygget. Lagerlokale.

Vi følgjer generelt i Knarvik ein kvadratmeterpris på ca. 1000 kr/m² for lager, og noko høgare leige for opphaldsareal. Avtalene legg ikkje til rette for framleige. I Gecobygget er straum inkludert i leigeprisen. Det heng saman med dei tekniske løysingane i bygget, og det vil koste ein del å etablere minusmålarar.

Vi har framleis nokre gamle leieavtaler frå dei tidlegare kommunane. Det jobbast med å

reforhandle desse. I Knarvik har prisane i tidlegare avtaler lagt på rundt 100-300 kr/m² i Knarvik. Ila 2023 har vi reforhandla fleire avtaler, mellom anna med Banda-butikken, Scandic Markiser og Mogen maskin AS i Knarvik. Avtalen med Mogen maskin er den siste reforhandla avtalen, okt. 2023. Opprinneleg avtale var signert av far til eigar av Mogen maskin. Bakgrunnen for dette kjenner vi ikkje til, men vi anser det ikkje som framleige.

I tillegg jobbast det med avtaleinngåing med Nordhordland turlag.

Spørsmål frå H, KRF, FRP og V ved Astrid Byrknes-KRF:

Det skjer mykje spanande på teknologifronten i vårt land.

Innovasjon og nytenkning som skal både effektivisera tenester og gjere det rimelegare å investere.

Spørsmåla i dag ordførar handlar om ny reinseteknologi til kloakkreinseanlegg.

Samarbeidspartia H, KRF, FRP og V er gjort kjent med at det i Sunnfjord kommune prøves ut ei revolusjonerande eigenutvikla reinseteknologi som gjer at ein ikkje treng å byggje svære anlegg.

Dette prosjektet er i samarbeid med Statsforvaltar i Vestland og Miljødirektoratet har vi fått opplyst.

Prøveperioden ventes å avsluttast i løpet av 2023.

Avisa Firda har også skrive mykje om dette, og vi ser at teknologien nå vert spreidd til andre. Prosjektet er spanande, innovativt og med stor grad av bærekraft i seg.

Slik vi har sett og fått informasjon om så vil dette ha mange fordeler.

Bla kan vi lese at det vert mindre bruk av kjemikalier og sekundærtrinet kan nedskaleras kraftig.

Det vert også vist til betydelege innsparinger for byggje og driftskostandane, noko som igjen vil kome innbyggjarane til gode.

Det er ingen tvil om at den nye teknologien framstår som ein «gamechangen» både nasjonalt og internasjonalt, ikkje minst då resultatene hittil verkar svært lovande.

Det er jo synd hvis denne teknologien ikkje blir tilgjengeleg tidsnok for Knarvik. Kvirfor byggje ein koloss basert på gårsdagens teknologi, hvis vi kunne inngått i eit samarbeid med Sunnfjord kommune om morgondagens teknologi? Her kunne jo VA-abonnentenes gebyrer vore brukt til innovasjon i eit samarbeidsprosjekt istadenfor til gårsdagens teknologi.

Spørsmål:

1. Er Alver kommune klar over dette pilotprosjektet i Sunnfjord kommune, og visste Norconsult om dette innovasjonsprosjektet når dei utarbeida rapporten for Alver kommune?

2. Vil ordførar ta initiativ til at vi får informasjon om og søkje Sunnfjord kommune om samarbeid?

Svar frå ordførar:

Til spørsmål 1:

Alver Kommune blei første gong kjent med pilotprosjektet i Sunnfjord då vi i sommar blei invitert til ei to dagers fagsamling i Førde, 23 og 24 August, der ein skulle presentere ny teknologi for avløpsreinsing.

Norconsult var kjent med prosjektet som Sunnfjord kommune har i samarbeid med Renasys, og det er ingen ting i vegen for at Renasys kan velge å vere med i konkurransen.

Vanleg prosedyre når eit avløpsreinseanlegg skal detaljprosjekterast og lysast ut på anbod, er:

- Det blir lyst ut konkurranse om mellom anna å levere prosessteknisk utstyr, styringsanlegg og all logistikk omkring dette for å oppfylle krava gitt i utseppsløvet. Tilbydarane konkurrerer på pris, kompetanse, driftskostnader, reinseeffekt, arealbehov, straumforbruk, CO₂-utslepp, leverandørens serviceorganisasjon,

referansar frå tidlegare prosjekt med vidare. Det blir også lyst ut konkurranse om å setje opp sjølv bygget, som då skal tilpassast utstyret.

Ein kvalifisert prosessentreprenør vil vinne konkurranse om å levere reinseteknisk utstyr til anlegget. Renasys, dersom dei oppfyller kvalifikasjonskrava, har lik moglegheit som alle andre leverandørar til å levere tilbod om prosessteknisk utstyr, evt også som underleverandør.

Til spørsmål 2:

Anlegget er i ein utprøvningsfase, og prosjektet til no omfattar berre sjølv silanlegget.

Forbehandlingsanlegg og etterbehandlingsanlegg er ikkje utvikla enno, og det er ikkje etablert eit sekundærreinsetrinn. Prosjektet er såleis i ein svært tidleg fase.

Kommunedirektøren vil følgje med på utviklinga, om eit anlegg av denne typen kan byggjast ut til å tilfredsstille § 14 i forureiningsforskrifta.

Når eit slikt anlegg er bygd, og ein har driftserfaring med reinseprosess, stabile gode prøver og erfaringar med lukt og støy, kan eit slikt anlegg bli eit godt alternativ. Kommunedirektøren har ikkje planlagt å delta aktivt i pilotprosjektet, men følgjer med på utviklingsprosessane. Når det gjeld arealbehovet på 70 m², omfattar dette berre silen. Verken forbehandling eller etterbehandling og lagring / uttransport er med her, og sekundærreinsing (som ikkje er utvikla) er heller ikkje inkludert.

Spørsmål frå Nils Marton Aadland-H:

25.06. 20 stilte underteikna følgjande spørsmål i Alver kommunestyre til ordførar:

«Vi har fått fleire innspel frå innbyggjarar i Alver kommune som er plaga av forsøpling i bustadområde. Det gjeld spesielt grunneigarar som opplever at nabo har mange gamle bilar/bilvrak ståande på si tomt over lang tid, opp til fleire år. Dette er ei miljøutfordring, og er også både skjemmande og visuelt forureinande. For nokre innbyggjarar er dette så krevjande at det går på helsa laus. Etter det eg kjenner til har Alver kommune mottatt klager på denne type problemstillingar utan at det har ført til betring.

Spørsmålet mitt er: Korleis følgjer Alver kommune opp denne type saker, og har ein sett på kva måte andre kommunar i Bergensområdet handterer denne type utfordringar?»

Svar frå ordførar i kommunestyret 25.06.20:

«I Alver kommune er det avdeling for Miljø og tilsyn som følgjer opp saker som gjeld forsøpling. Dette er ei nyoppretta avdeling i Alver, som mellom anna jobbar i samarbeid med NGIR, miljøretta helsevern og brannvesenet. Vi er kjent med at ansvar og oppfølging av denne type saker er ulikt handtert i omeignskommunane. Miljø og tilsyn har aktiv oppfølging med denne type saker, og i fleire av dei er det no gitt pålegg om opprydding, og det blir gitt tvangsmulkt dersom opprydding ikkje er gjort og meldt tilbake til kommunen innanfor den fristen som er satt i vedtaket.»

Over tre år etter svaret frå ordførar er gitt, kan eg konstatere at lite har skjedd på dette området. Kommunen har etter det eg kjenner til i einskildsaker gitt pålegg om opprydding og varsla tvangsmulkt dersom det ikkje blei gjort.

Opprydding har likevel ikkje skjedd – heller tvert imot. Utfordringa har blitt endå større.

Min konklusjon basert på konkrete døme er at kommunen har ikkje hatt ei aktiv oppfølging av denne type saker, noko som har vore til stor belastning for naboar og miljø.

Eg må på bakgrunn av det stille følgjande spørsmål:

Korleis vil kommunen no følgje opp denne type saker, og vil ordførar sjå til at pålegg om opprydding faktisk blir gjennomført?

Svar frå ordførar:

Kommunedirektøren følgjer opp sakene gjennom krav og pålegg i medhald av forurensingslova med forskrift, innafor ramma av tilgjengelege ressursar.

For å kunne følgje opp dei konkrete tiltaka ytterlegare, er det lagt inn forslag om ny stilling på dette område i kommunedirektøren sitt økonomiplanforslag 2024-27.

Ressursbehovet var kommentert også i økonomiplanen for 2023-26, men utan at det vart lagt inn som nytt tiltak:

Klagesaksbehandling blir prioritert, framfor ureiningsaker og tilsyn. Dei mest alvorlege

ureiningssakene blir likevel følgt opp. Strategisk og kontinuerleg fokus på ureining krev auka ressursar, det same gjeld for tilsyn og oppfølging av ulovlege tiltak etter plan- og bygningslova. Konkret oppfølging av miljøtiltak, t.d. forvaltning av vassdrag, er utfordrande innafør tilgjengeleg kompetanse og kapasitet ved arealforvaltning.

Interpellasjon frå Lasse Turøy-SV:

En hel verden ser med frykt og skrekk som det som skjer på Gazastripen og det sørlige Israel. Norge og den norske regjeringen var tidlig ute med å fordømme terroren mot Israels sivilbefolkning, noe også vi i SV stilte seg helt bak. Statsminister Støre, og mange andre politiske ledere har også sagt i klartekst at Israel bryter folkeretten med sin brutale framferd overfor den palestinske sivilbefolkningen.

Vi har en sivilbefolkning som er stengt inne, som nektes mat og strøm – og som ikke har noe sted å flykte. Det er viktig at en humanitær krise ikke går over til en humanitær katastrofe, og det må verdenssamfunnet samle seg om.

Jeg ønsker derfor å reise spørsmålet om vår kommunes engasjement og støtte til Palestina, et område som har vært preget av konflikt og humanitære utfordringer i flere tiår. Som en kommune som verdsetter fred, menneskerettigheter og internasjonal solidaritet, er det viktig at vi vurderer vårt bidrag til å hjelpe og støtte palestinere også i Norge. Jeg ønsker å foreslå følgende spørsmål og tiltak for vår kommune:

Alver handler varer og tjenester for store summer, og kan påvirke gjennom innkjøpsmakten. Blant annet Oslo har vedtak om at kommunen ikke skal handle varer og tjenester fra selskap som medvirker til å opprettholde ulovlig okkupasjon, enten det er i Vest-Sahara, Ukraina, Palestina eller andre steder. Dette er et solidarisk prinsipp Alver bør følge.

Spørsmål til ordfører:

1: Vil ordfører på vegne av Alver fordømme Israels angrep på sivile i Gaza og slutte Alver kommune til det voksende kravet om våpenhvile?

2: Har Alver kommune noen lokale føringer gjennom strategier, reglement, eller liknende, som forhindrer oss fra å kjøpe varer og tjenester fra selskaper som medvirker til å opprettholde ulovlig okkupasjon?

3: Dersom Alver ikke har slike føringer, vil ordføreren ta initiativ til at de etableres?

4: Er ordfører kjent med om det oppholder seg innbyggere fra Alver i Gaza, og hva som eventuelt gjøres for å få dem i trygghet?

Forslag til vedtak:

1: Alver kommune fordømmer Israels brutale angrep på sivile på Gaza og krever umiddelbar våpenhvile for å forhindre en humanitær katastrofe og ytterligere tap av uskyldige menneskeliv.

2: Alver kommune avstår fra å kjøpe varer og tjenester fra, og å ha investeringer i, selskaper som direkte eller indirekte medvirker til å opprettholde ulovlig okkupasjon

Svar frå ordførar:

1. Eg er sterkt berørt av dei menneskelege lidingane vi er vitne til i Midtausten, og eg vil sei at eg fordømmer angrep, drap av og terror mot sivile i Palestina og Israel.

Etter det ordførar har lest, har både statsminister Jonas Gahr Støre og utenriksminister Espen Barth Eide har begge slått fast at Israels krigføring på Gazastripen er eit brot på folkeretten, og eg deler statsministeren og utanriksministeren sitt syn.

1. Ordførar er ikkje kjent med at verken innkjøpsstrategi eller innkjøpsreglement har noko formuleringar kring dette. Ordførar kjenner heller ikkje til vedtak el. som kan være aktuelle i denne samanheng. Alver kommune deler avtalar med Bergen knytt til innkjøp, og vedtak som vert gjort i Bergen vil «smitte over» til oss i samband med dei avtalar som vi deler med dei (tilsvarande det miljø, fair trade og dyrevelferd har gjort i ei rekke avtalar), men ordførar er ikkje kjent med at eit slikt vedtak er gjort i Bergen på noverande

tidspunkt.

1. Ordfører meiner i utgangspunktet at spørsmål som dette bør drøftast nasjonalt og ikkje lokalt. Ordfører er kjent med at Oslo kommune i april innførte eit innkjøpsforbod på varer frå Vestbredden, men kjenner ikkje til fleire nylege vedtak knytt til dette.
1. Det er UD som har ansvar for og har ei oversikt over norske statsborgarar som oppheldt seg i Gaza. Slik ordfører har forstått er denne oversikta er nødvendigvis ikkje fullstendig, då det avhenger av kven som har meldt i frå til UD på ulikt vis. Det er UD som til ei kvar tid arbeider for å få norske statsborgarar eller andre med tilknytning til Norge i tryggleik. Ordfører er på noverande tidspunkt ikkje kjent med at det oppheldt seg innbyggjarar frå Alver i Gaza.

Framlegg om realitetshandsaming i samband med interpellasjon frå Lasse Turøy-SV:
Framlegg om realitetshandsaming fekk 5 røyster og fall (K.Sæthre-SV, L.Turøy-SV, B.Grindheim-R, L.Johnsen-MDG og M.Hindenes-V)

**206/23: Val av representant med vara til generalforsamlinga for Opplæringskontoret
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Innstilling frå valnemnda vert lagt fram i møtet.

Alver kommunestyre 23.11.2023:

Handsaming:

Innstilling frå valnemnda vart lagt fram i møtet:

Representant til generalforsamlinga, årsmøte, Mary-Ann Mostraum med vara Pål Inge Fosse Hopland

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 206/23 Vedtak:

Representant til generalforsamlinga, årsmøte, Mary-Ann Mostraum med vara Pål Inge Fosse Hopland